



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 41/2020

Møtedato: 24.11.20


Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Søknad om bru over Reina, Nøsen/Baklia-løypene

Løypelaget søker om å få bygge bru over Reina. Tiltaket er grunn disponering etter §12 i fjellova. Søknad blir avgjort av Statskog etter at fjellstyret har gjeve uttale. Laget er frå 30.1.20 registrert i Brønnøysundregistrene med organisasjonsnummer 824 514 712.

Det blir søkt om å få føre ei bru over Reina, to alternativ er vist på vedlagt kart. Leiar i laget har muntleg opplyst at det kunne vera eit alternative lengre opp. Skibrua skal vera så brei at løypemaskin skal kunne bruke brua. Det blir vist til likande bru som Vasetløypene har ført opp. Brua skal også kunne brukast av andre som har interesse, t.d. Valdres trekkhundklubb.



Fram til i dag har dei bygd snøbru, men det er ikkje mulig alle år. Det er derfor nødvendig med ei bru om det skal preparerast skiløyper her. Administrasjon har sett på dei ulike alternativa. Nytt alternativ ca. 50m sør for alternativ A gav ei betre høgde for ev. isgang. Kven av alternativa som blir valt har ikkje så stor betydning ut frå fjellstyret si side, her må løypelaget vurdere kvar det er best skikka.

Nord for aktuell bruplassering er det registrert fornminner. Dette gjer at det ikkje er aktuelt å køyre ut materialar på barmark. Ein gjer merksam på at alle motorisert ferdslar krev samtykke frå fjellstyret.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at løypelaget Nøsen-Baklia får løyve til å bygge bru over Reina.

### Vedtak:

Fjellstyret tilrår at løypelaget Nøsen-Baklia får løyve til å bygge bru over Reina. Føresetnad er at brua blir sperra for beitedyr.

Vedtaket er samrøystes.

Vedtaket er ikkje enkelvedtak jf. forvaltningsloven og det er ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.11.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Løypelaget  
Valdres trekkhundklubb